

10

Årsberetning 2010

Hovudstyrets melding 2010

1 Forskringsrådet står sentralt som rådgivar og iverksetjar i norsk forskingspolitikk

Forskringsrådet har ei sentral rolle som strategisk aktør i utviklinga og gjennomføringa av norsk forskingspolitikk, som rådgivar gjennom innspel til det forskingspolitiske nivået om korleis det bør satsast i norsk forskning, og som iverksetjar gjennom forvaltning av ein stor del av dei offentlege midla til forskning og utvikling. Forskringsrådet tek også hand om omfattande nettverks- og møteplassfunksjonar. I 2010 investerte det offentlege 19,4 mrd kroner i forskning og utvikling, eksklusiv SkatteFUNN-ordninga. Forskringsrådet fordelte 7 mrd kroner i 2010, ein vekst frå året før på 490 mill kroner.

Samla har nivået på offentlege investeringar i FoU vakse med 7 mrd kroner i den siste femårsperioden, og Forskringsrådet har fått auka sitt budsjett med over 1,6 mrd kroner i same periode, det vil seie 30 prosent vekst. Det er styret si oppfatning at norsk forskning er i ei god utvikling. Dette kjem både av ein samla vekst i innsatsen og at meir av midla er brukt til større og meir langsiktige tilskot, ikkje minst gjennom senterordningane.

Forskingssystemets struktur og effektivitet vil vere avgjerande for vidare framgang. Forskringsrådets strategi har derfor fokusert på desse områda. Forskringsmeldinga legg også avgjerande vekt på samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Implementering av nytt basistilskotssystem for instituttsektoren, sterk satsing på forskingsinfrastruktur og finansiering av nye sentra for forskning og innovasjon, er døme på tiltak med tydelege mål for forskingssystemet. Etablering av regionale forskingsfond, nordområdesatsinga og tilrettelegging for auka internasjonalt samarbeid, er andre døme.

Internasjonalisering endrar forskinga og Forskringsrådet

Ambisjonane for auka *internasjonalisering* er høge, både i forskingsmeldinga og i innovasjonsmeldinga. Regjeringa peiker på at ein ikkje berre skal auke det internasjonale samarbeidet slik vi kjenner det, mellom forskarar og institusjonar, men også samarbeidet mellom land og mellom forskingsfinansierande institusjonar.

I det siste tiåret har også forskingspolitikken blitt meir internasjonalisert. Forskringsrådet er aktør på ein stadig meir grenselaus forskingsarena, og skal stimulere og støtte norske FoU-institusjonar og bedrifter til auka internasjonal deltaking. Med dette som bakgrunn vedtok Hovudstyret i november 2010 Forskringsrådets strategi for internasjonalt samarbeid. Vi ser stadig auka moglegheiter for å kople norsk forskingsfinansiering med slik finansiering i andre land – både i Europa og prioriterte samarbeidsland i verda elles. Det vanlege for kvart prosjekt finansiert av Forskringsrådet vil derfor vere at norske forskarar jobbar saman med forskarar i andre land, anten forskarane jobbar på universitet, institutt eller i bedrifter. Samtidig er auka vekt på internasjonalt samarbeid krevjande. Ein viktig del av implementeringa av den internasjonale strategien handlar om korleis ein kan utvikle betre arbeidsdeling og samspel mellom nasjonale satsingar og internasjonalt finansieringssamarbeid.

Strategien framhevar fem grep for auka internasjonalisering. Alle Forskringsrådets satsingar – program, dei frie arenaene, særskilde satsingar, institusjonsretta tiltak og andre former for

støtte – skal ha konkrete mål og planar for internasjonalt samarbeid. Vidare skal Forskingsrådet arbeide for at Noreg tek del i felles program på tvers av landegrenser når dette er viktig for å møte felles utfordringar eller for å styrkje norsk forskning og kunnskapsbasert næringsliv. I åra framover vil Forskingsrådet utvikle økonomiske verkemiddel for å støtte etablering av langsiktig institusjonelt samarbeid mellom norske institusjonar og tilsvarende institusjonar i andre land. Dessutan skal tiltak som stimulerer norske forskarar, bedrifter og forskingsinstitusjonar til aktive deltakarar på dei internasjonale samarbeids- og konkurransearenaene, styrkjast. Forskingsrådet vil styrkje vektlegginga av internasjonalt samarbeid og mobilitet i eiga søknadsbehandling.

Det har vore god utvikling i det bilaterale forskingssamarbeidet med Kina. Norsk forskning var sterkt profilert under EXPO 2010 i Shanghai. Det har vore fleire felles utlysingar med kinesiske vitenskapsakademi. To periodar med samarbeid med Sør-Afrika blei oppsummert som ein suksess, og planlegginga av eit nytt samarbeidsprogram innanfor energi, miljø og klima er i gang. Det har også vore lovande kontaktar på høgt nivå i USA og vi ser store moglegheiter for å vidareutvikle samarbeidet med Nord-Amerika.

Deltaking i EUs rammeprogram gir godt utbytte for norsk forskning, og EU-forskinga er ein viktig forskingspolitisk arena for internasjonalisering av norsk forskning. Ved utgangen av 2010 er vi over halvvegs i EUs sjuande rammeprogram (RP7), som går ut 2013. Noreg kan framleis vise til gode resultat frå si deltaking, der mellom anna kvaliteten på dei norske søknadene har styrkt seg i løpet av dette rammeprogrammet. Det er ei kontinuerleg utfordring å utvikle norske forskingsmiljø sine evner til utnytte moglegheitene som opnar seg gjennom dei utlysingsrundene som står att. Berre noko over ein tredel av RP7s budsjettmidlar på 50,5 mrd euro er tildelt så langt.

Det er norsk deltaking i nesten 7 prosent av alle innstilte prosjekt i rammeprogrammet så langt. Noreg har teke del i rundt 3000 søknader og over 700 innstilte prosjekt. Dette gir ein suksessrate på nesten 24 prosent, som er noko over snittet for alle deltakarlanda i EU. Høgast suksessrate for søknader med norsk deltaking finn vi innanfor programma Energi, Health Environment, Space, SME og SiS. Det er framleis ei utfordring å auke deltakinga i område der vi er svake.

Målet om eit felles europeisk forskingsområde (ERA) har ført til ei raskt aukande utvikling av randsoneaktivitetar og initiativ ved sida av RP7. Denne utviklinga har utspring i ulike samarbeidsprogram mellom EU-kommisjonen og europeisk næringsliv (Joint Technology Initiatives – JTI) og ulike former for samarbeid mellom offentlege forskingsprogram i EUs medlemsland og dei assosierte landa. Dei ti nye felleseuropeiske programsatsingane (Joint Programming Initiatives – JPI) tek utgangspunkt i store samfunnsutfordringar, og blir utvikla i eit samarbeid mellom medlemslanda og dei assosierte landa.

2 Forskringsrådet driv omfattande forskingspolitisk rådgiving

Forskringsrådet fyller ei viktig rolle som rådgivar for styresmaktene i spørsmål som gjeld forskingspolitikken. Kvart år avgir Forskringsrådet eigne budsjettforslag som konkretiserer prioriteringar i offentleg FoU-innsats. Rådet gir også innspel til aktuelle politiske prosessar i tillegg til å utarbeide utgreingar, strategiar, statistikk og andre bidrag til kunnskapsgrunnlaget for forskingspolitikken.

Budsjettforslag med vekst på 1,2 milliardar

Det årlege budsjettforslaget er Forskringsrådets viktigaste råd til Regjeringas arbeid med neste års statsbudsjett. Her skisserer ein utfordringar på kvart enkelt fagfelt. Forslaget er eit uttrykk for tydelege prioriteringar av fagfelt, både i ei ekspansiv ramme og for eit eventuelt nullvekst-alternativ. Forskringsrådets *budsjettforslag* for 2012, som blei presenteret i desember 2010, foreslår ein budsjettvekst på 1,2 mrd kroner. Av dette bør 60 prosent, 730 mill kroner, gå til fire prioriterte område:

- *Opne konkurransearenaer for næringsliv og forskarar.* Forskringsrådet har to opne konkurransearenaer – éin for framifrå forskning og éin for bedrifter som ønskjer å satse på forskning og innovasjon. Forslaget inneber ein vekst på 140 mill kroner til opne arenaer for framifrå forskning og 100 mill kroner til Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA).
- *Energi og miljøteknologi* (200 mill kroner) er ei satsing mot næringslivet for å medverke til auka forskingsinnsats på fornybar energi, meir effektiv petroleumsteknologi og teknologiar som kan redusere miljøbelastningane.
- *Klimaendringar og klimapolitikk* (150 mill kroner) er eit forslag til oppfølging av Klima21-strategien gjennom å styrkje forskinga på klimasystemet, samfunnet sitt tilpassingsbehov og ein effektiv klimapolitikk.
- *Forskringsinfrastruktur.* Ei ny finansieringsordning for forskingsinfrastruktur blei etablert i 2009. Ordninga bør trappast opp i tråd med opphavlege ambisjonar. Dette vil medverke sterkt til å utvikle kvalitet i norsk forskning og trekkje til seg internasjonalt gode forskarar (140 mill kroner).

Regionale forskingsfond

Ordninga med Regionale forskingsfond var på plass i mars 2010. Regionale forskingsfond består av sju sjølvstendige fondsregionar som tildeler støtte til lokale søkjarar. Forskringsrådet har ei sentral rolle i forvaltninga av forskingsfonda. Det er etablert ei eiga regionalavdeling i Forskringsrådet for å styrkje koordineringa av den regionale aktiviteten og for å medverke til samordning og felles læring. I løpet av 2010 blei det fordelt 161 mill kroner til prosjekt over heile landet. Forskringsrådet stiller mellom anna med opplæring, kvalitetsvurdering av innsende søknader og gjennom tilrettelagde elektroniske system for søknadsbehandling.

Nasjonale strategiprossessar

På bakgrunn av Klimaforliket i Stortinget i 2008, blei det oppretta eit nasjonalt strategisk forum for klimaforskning, Klima21, som skal leggje til rette for at klimapolitikk, forvaltning og handling byggjer på forskingsbasert kunnskap. Sekretariatet blei lagt til Forskringsrådet.

Forumet presenterte sin nasjonale strategi for klimaforskning, *Kunnskap for klima*, i februar 2010. I strategien blei det mellom anna peikt på at tilskota over statsbudsjettet i 2015 må vere minst éin milliard kroner over nivået i 2010 for å nå dei måla som er sett for norsk klimaforskning.

Klima21 er ein av fleire nasjonale forskingsstrategiprosessar som har vore sett i gang dei siste åra, initiert av Regjeringa. Styret i *Olje og gass i det 21. hundreåret* (OG21) la fram sin nye nasjonale strategi for den norske petroleumsnæringa i oktober 2010, og Energi21 har under utarbeiding ein oppdatert strategi som skal presenterast i juni 2011.

Forskingsrådet har eit særskilt ansvar i det norske forskningssystemet som pådrivar for prioriterte satsingsområde, herunder strategiutvikling og -forankring samt som rådgivar, forvaltar og møteplass. Erfaringar frå dei nasjonale 21-strategiprosessane, samt dei varsla strategiane innanfor bioteknologi, nanoteknologi og hav viser at Forskingsrådet bør tydeleggjere si rolle i desse strategiprosessane. Forskingsrådet bør stå heilt sentralt i utvikling av nasjonale forskingsstrategiar – anten initiativet er politisk, Rådets eller kjem frå andre aktørar. Forskingsrådet har komme i tettare grep med dei nasjonale strategiprosessane og må halde fram å utvikle sine bidrag innanfor kunnskapsgrunnlag og analysar samt prosess-, aktør- og sekretariatskompetanse. Rådet må sikre at strategiane er forankra og at prosessane involverer dei sentrale aktørane.

Likestilling er avgjerande for betre rekruttering

God rekruttering av kvinner til forskingsarbeid er heilt avgjerande for at Noreg skal kunne hevde seg som forskingsnasjon. Mens kvinner no utgjer 46 prosent av alle som fullførte ph.d.-grad i 2010, er delen av kvinner på professornivå framleis berre 18 prosent. Med dette ligg Noreg omtrent på det europeiske gjennomsnittet.

Forskingsrådet slutførde hausten 2010 ein gjennomgang av vurderingskriteria for søknadsbehandling. Likestillingskomponenten har blitt til tre nye kriterium: Rekruttering av kvinner, Kjønnsbalanse i prosjektet og Kjønnsperspektiv i forskinga. Gjennom endringa er kjønns- og likestillingsdimensjonen i søknadsvurderinga både styrkt og presisert. Forskingsrådets prosjekt skal også klassifiserast på likestilling og kjønnsperspektiv, noko som vil betre moglegheitene for analysar av vår eigen portefølje på dette området.

I 2010 blei det arbeid vidare med å få tilslutning til eit nytt programinitiativ frå Forskingsrådets side for å auke kvinnedelen i toppstillingar og forskingsleiing. Initiativet spring ut av ambisjonar i Forskingsmeldinga og Forskingsrådets eigen Policy for likestilling. I budsjettforslag 2012 er det foreslått 20 mill kroner til satsinga.

3 Forskringsrådet forvaltar nærmare 30 prosent av offentlege midlar til forskning

Forskringsrådet samordnar tilskota frå 16 departement

Forskringsrådets finansieringsrolle medverkar sterkt til å samordne offentleg forskingsinnsats, gjennom å prioritere midlar frå 16 departement til forskning innanfor alle fag- og temaområde. Omtrent ein tredel av alle offentlege forskingskroner blir formidla gjennom Forskringsrådet. Gjennom strategiarbeid, budsjettforslagsprosess, programplanlegging og nettverk blir det lagt ned eit stort arbeid for å utvikle ei nasjonal, sektorovergripande samordning av den offentlege forskingsinnsatsen.

Forskringsrådets budsjett voks med 7 prosent i 2010

Rekneskapen for 2010 viser at Forskringsrådet fordelte 7 mrd kroner til forskning. Dette er ein vekst i FoU-midlar på 416 mill kroner i høve til 2009. Forskringsrådets del av den samla veksten i tilskota til FoU over statsbudsjettet var i 2010 på rundt 30 prosent.

Regjeringas budsjett for 2011 var omtrent på same realnivå som året før, noko som etter Hovudstyrets oppfatning ikkje tek vare på moglegheitene norsk forskning har for å svare på dei store utfordringane nasjonalt og globalt. Styret merka seg med uro at tilskotsnivået som blei sett etter Klimaforliket, ikkje fullt ut blei sikra. Samtidig var Hovudstyret tilfreds med at fri prosjektstøtte og infrastruktur blei styrkt, og verdset at Forskringsrådet blir gitt fridomsgradar i fordelinga av midlar frå Forskringsfondet.

Framleis vekst for miljøvennleg energi

Forsking innanfor miljøvennleg energi har gjennomgått ein kraftig vekst dei siste åra som følge av Klimaforliket og kapasiteten har auka mykje. Forskringsrådets opptrapping innanfor miljøvennleg energi heldt fram i 2010 og det blei fordelt 300 mill kroner til forskingsfeltet. Dei åtte forskingssentra innanfor miljøvennleg energi (FME) som blei etablert i 2009, hadde sitt første ordinære driftsår i 2010. Forskringsaktiviten er kommen godt i gang ved alle sentra og dei har etablert seg som solide kompetansearenaer. Gjennom heile 2010 blei det arbeidd med etablering av nye senter innanfor samfunnsvitskapleg energi- og klimaforskning og Forskringsrådet offentleggjorde i februar 2011 namna på tre nye FME-ar innanfor samfunnsvitskap.

Open arena

Forskringsrådet finansierer grunnforskning gjennom fleire program og satsingar. Eit viktig verkemiddel er den frie prosjektstøtta, som er ein heilt open arena for grunnleggjande forskning. Styret har vore uroa for at ordninga ikkje har fått vekst trass i forslag om dette frå Forskringsrådet. Siste år var dette ein av hovudprioriteringane i budsjettforslaget og styret er nøgd med at statsbudsjettet for 2011 innebar ein vekst på 60 mill kroner til dette verkemiddelet.

Å skape gode forskingsvilkår for dei beste forskarar, har også i 2010 vore ei prioritert oppgåve for Forskringsrådet. SFF-ordninga blei evaluert i løpet av 2010. Rapporten viser at ordninga har vore svært vellykka. Sentra har gjort norske forskingsmiljø meir synlege internasjonalt og dei har vore attraktive for utanlandske forskarar. Rapporten gir også innspel

til forbetringar i ordninga i samband med ei ny utlysingsrunde, mellom anna at ein bør klargjere forventningar til samarbeidet med vertsinstitusjonane for sentra.

Styret har vore oppteke av at dei opne arenaene har tilstrekkeleg omfang. Derfor har vekst i fri prosjektstøtte vore prioritert. Det er også heilt sentralt at Rådet har stor merksemd mot evna til fagleg fornying, og styret behandla eit eige innspel om dette til det såkalla Fagerbergutvalet.

Verkemiddel som styrkjer næringslivsforskinga

Forskringsrådet har eit breitt spekter av støtteordningar for bedrifter som ønskjer å bruke forsking i sitt utviklingsarbeid. Det næringsretta tilbodet er oftast organisert i ulike program som dekkjer tematiske eller strategiske forskingsområde, medrekna dei Store programma. Satsingane har stor spennvidde, frå energi til IKT, mat og transport. Område som ikkje blir dekte av noko eige program, blir fanga opp av den generelle støtteordninga *Brukarstyrt Innovasjonsarena (BIA)*. I tillegg til programma har Forskringsrådet ei rekkje andre næringsretta ordningar som til dømes *SkatteFUNN*, støtte til nettverk og kompetansemekling.

I 2010 blei det utlyst midlar til nye Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Forskringsrådet mottok 44 søknader og i 2010 kunne namna på sju nye senter kunngjerast. Dei nye sentra vil motta inntil 10 mill kroner per år i åtte år. Dette utgjer ei satsing for forskingsdriven innovasjon på opptil 560 mill kroner over ein åtteårs periode. Dei første SFI-sentra som blei etablerte, blei midtvegs evaluert i 2010. Ni av sentra fekk fornøya kontraktane sine for enda ein treårsperiode utan krav om tiltak, mens fem senter først må levere planar for oppfølging av tilrådingane frå midtvegsevalueringa.

Store program

Hovudstyret vedtok i desember 2010 at verkemiddelet Store program blir vidareført og forsterka mot definerte tematiske og strukturelle utfordringar innanfor nasjonale satsingsområde. Midtvegsevalueringa av Store program som blei slutført i 2009, peikte også på behovet for at departementa koordinerer sin innsats betre, og dette er følgt opp av Kunnskapsdepartementet og sektordepartementa. Hovudstyret meiner at prosessen har gitt god forståing og skapt grunnlag for betre koordinering, mellom anna når det gjeld Forskringsrådets rolle i arbeidet med nasjonale FoU-strategiar.

Storskala forskingsfasilitetar

Satsing på infrastruktur gir forskingsmiljøa auka høve til å arbeide i den internasjonale forskingsfronten. Søknadsbehandlinga etter den aller første utlysinga innanfor Nasjonal satsing på forskingsinfrastruktur blei avslutta i 2010, med ei tildeling på 270 mill kroner til fire storskala forskingsfasilitetar. I kjølvatnet av dette blei den første utgåva av Norsk vegkart for forskingsinfrastruktur lansert i juni 2010. Vegkartet gir eit strategisk oversyn over storskala forskingsinfrastruktur som no er under etablering i Noreg, over prosjekt som er kvalitetssikra gjennom søknadsbehandling og er vurderte å vere investeringsklare, og over prosjekt med potensiell norsk deltaking på det tilsvarande felleseuropeiske vegkartet, ESFRI Roadmap. *Nasjonale strategi for forskingsinfrastruktur* blei vidare følgt opp med ei ny utlysing av 400 mill kroner i oktober 2010. Søknader for rundt 4 mrd kom inn.

Det internasjonale polaråret blei ein suksess

I juni 2010 var Forskringsrådet vertskap for over 2300 polarforskarar samla til den største internasjonale polarforskringskonferansen som er halden. Konferansen hadde også eit

omfattande formidlingsprogram og var den vitenskaplege avslutningskonferansen for Det internasjonale polaråret (IPY). Dette starta i mars 2007 som eit intensivt, internasjonalt koordinert observasjons- og datainnsamlingsprogram over to år. I Noreg var Polaråret eit fire-årig program med avslutning i 2010. Forskingsrådet har koordinert den norske deltakinga, under ein internasjonal felleskomité leidd av Verdas vitenskaplege union (ICSU) og Verdas meteorologiske organisasjon (WMO). Forskarar frå meir enn 60 land har teke del i programmet. Mellom dei landa som tilførte ekstra midlar til polarforskning under Polaråret, var Noreg tredje største bidragsytar.

Analysane av forskingsdata frå Polaråret har allereie gitt mykje kunnskap og vil halde fram å utvide kunnskapen vår om det globale klimaet, Arktis og Antarktis, i åra framover. Den koordinerte innsatsen har ført til at ein har oppnådd mykje meir enn det den nasjonale budsjettauken til polarforskning skulle tilseie.

Forskingsfondet

Forskingsfondet har vore avgjerande for dei fleste større nysatsingar i Forskingsrådet i dei seinare år. Fondet er ein stabil og langsiktig finansieringsmekanisme for norsk forskning. Samtidig kompenserer fondsmidla for det sektordelte finansieringssystemet gjennom å støtte sektorovergripande tiltak innan norsk forskning. Fondsmidla utgjer om lag 18 prosent av Forskingsrådets samla inntekter i 2010 og er ei svært viktig finansieringskjelde for verksemda.

På grunn av redusert rentesats vil avkastninga frå Fondet kunne bli redusert i åra framover, og Hovudstyret er oppteke av utfordringane knytte til dette. Skal Fondet fungere etter intensjonane, bør det etablerast mekanismar som sikrar ei stabil, føreseieleg og prisjustert finansieringskjelde for forskning. Fondet er ei finansieringskjelde der Forskingsrådet har stor innverknad på bruken, og det gir eit unikt høve for Forskingsrådet til å skape heilskap i eit samla finansieringsmønster som består av midlar frå 16 ulike departement.

Overføringar

Overføringane (forskningsforpliktingane) i 2010-rekneskapen knytte til forskingsaktivitetar og prosjekt utgjer 1 262 mill kroner mot 973 mill kroner i 2009. Dette er ein auke også relativt som del av disponibelt budsjett. Det meste av auken er knytt til satsinga på vitenskapleg utstyr, og kjem av tidkrevjande prosessar både i utveljing av prosjekt og i innkjøpsfasen. Ein stor del av overføringane er konsentrert rundt ein relativt liten del program og aktivitetar. Hovudstyret legg avgjerande vekt på at overføringane blir haldne innanfor eit rimeleg nivå som også tek omsyn til mellom anna praktiske tilhøve knytte til oppstart og innfasing av aktivitetar utover det enkelte budsjettåret.

4 Forskingsrådet er ein viktig møteplass

Forskingsrådet spelar ei viktig rolle som møteplass for institusjonar, departement, politiske miljø, media og allmugen. Møteplassfunksjonen har høg prioritet og blir stadig viktigare. I løpet av 2010 gjennomførte Forskingsrådet 106 arrangement av ulik storleik og ulikt omfang. Det blei registrert 15 000 besøkjande til lokala i Forskingsrådet.

Aktiv i samfunnsdialogen

Forskningsrådet medverkar aktivt i debattar som er knytte til forskning og utvikling, både i media og i formelle organ. I 2010 var Forskningsrådet synleg i 4123 medieoppslag. Forskningsrådet har eit aktivt samspel med dei politiske miljøa og har for eksempel kvart år besøk av Stortingets KUF-komité. I tillegg tek Rådet del på høyringar i Stortinget der det er relevant. Rådet arrangerer kvart år ei studiereise for dei politiske rådgivarane på Stortinget. Internt arbeider Forskningsrådet med å styrkje eiga evne til forskings- og innovasjonspolitisk analyse og rådgiving, og det blir arbeidd aktivt for å dele desse analysane med omverda vår.

Allmennretta tiltak

Forskningsrådet har eit nasjonalt ansvar for allmennretta forskingsformidling og driv tiltak som Nysgjerrigper, Forskningsdagane og Pro Scientia med Konkurransen Unge Forskarar. Forskningsrådets formidlingsportefølje omfattar dermed tiltak retta mot alle aldersgrupper frå seks år og oppover. Nysgjerrigper, som rettar seg mot barn i grunnskolen, tek også imot førespurnader frå barnehagar. I tillegg medverkar Forskningsrådet med finansiering og innhald til Forskning.no, ei nettavis med nasjonale og internasjonale forskingsnyheiter, og utgir bladet Forskning med forskingsformidling og forskingspolitikk. Forskningsrådet vil halde fram å arbeide aktivt for å styrkje dialog og forståing mellom forskingsmiljøa på den eine sida og politikarar, media og publikum på den andre sida.

Forskningskampanjen har vore arrangert sidan 2003, men i 2010 tok Forskningsrådet tydelegare eigarskap og integrerte kampanjetemaet i utstillingane på forskningstorga under Forskningsdagane. Dette blei svært vellykka og med kampanjen kunne Forskningsrådet gi eit tilbod til alle norske skolebarn under Forskningsdagane, ikkje berre til dei som bur i nærleiken av eit forskningstorg og har foreldre eller lærarar som vel å la barna oppsøkje torget. Kvart år deler Forskningsrådet ut prisar for forskingsformidling og framifrå forskning på ein open festkveld i Oslo konserthus.

5 Kva utfordringar står Forskningsrådet overfor?

Auka satsing retta mot store samfunnsutfordringar

Forsking og teknologiutvikling har hatt mykje å seie for samfunnsutviklinga. Forskinga sitt bidrag til å løyse store samfunnsutfordringar er ein viktig dimensjon i forskingspolitikken. Siste forskingsmelding tek samfunnsmåla som utgangspunkt, og EUs forskingssatsingar har det same perspektivet. Dette er også ei viktig grunngeving for Forskningsrådets forslag om auka budsjett. Rådet ser det som avgjerande å byggje ut kapasiteten i forskningssystemet på område med verdi for dei sentrale samfunnsutfordringane. Samtidig er det eit viktig omsyn å sikre langsiktigheit og evne til fagleg fornying som ein del av slike satsingar.

Heilskapleg tilnærming i satsinga på innovasjon og auka verdiskaping

Noregs høge verdiskaping er knytt både til kunnskapsnivå, kreativitet, høg produktivitet og eit godt naturressursgrunnlag. Vi veit at vi må utvikle vår økonomi i enda meir kunnskapsbasert retning. Samtidig medverkar vår næringsstruktur i dag til at den samla forskingsinnsatsen i høve til samla verdiskaping er låg. Dette gir dei offentlege investeringane i kunnskap ei viktigare rolle. For å meistre utfordringa om større verdiskaping må det satsast mykje gjennom offentlege investeringar i kunnskap. Hovudstyret er oppteke av å få til ei best mogleg heilskapleg tilnærming til bruken av verkemiddel retta mot næringslivet. Det er viktig at dei offentlege investeringane kan treffe enda betre, også dei delane av næringslivet som i dag

ikkje så lett blir fanga opp av eksisterande ordningar. Vi må byggje vidare på våre sterke næringer og nasjonale føremoner, og kunnskap blir eit stadig viktigare fundament for verdiskaping. Derfor er det av verdi at Forskingsrådet er ein viktig møteplass for forskning, innovasjon og næringsliv.

Internasjonalisering av norsk forskning er ei hovudutfordring

Forskinga er meir global enn nokon gong. I 2009 var norske forskarar medforfattarar i nærmare 6700 artikkelar internasjonalt, ein auke på om lag 370 prosent frå 1994. Over 50 prosent av alle artikkelar skrivne av norske forskarar har internasjonalt samforfattarskap. Auken har vore særleg sterk blant forskarar frå EU utanom Norden. Globalt har meir enn 35 prosent av alle artikkelar hatt internasjonalt samforfattarskap.

Endringar i det internasjonale forskingslandskapet inneber at det blir etablert nye internasjonale arenaer og nye former for finansieringssamarbeid, med større forpliktingar. Dette vil også stille nye krav til korleis Forskingsrådet skal arbeide framover med prioritering, samspel og arbeidsdeling mellom nasjonale og internasjonale satsingar. Forskingsrådet vil måtte ta i bruk fleire typar internasjonalt finansieringssamarbeid, med ulik grad av koordinering og risiko.

Hovudutfordringa er knytt til stimulerings- og posisjoneringstiltak i høve til EUs ramme-program og randsoneaktivitetar og styrking av det bilaterale samarbeidet. Det er det multi-laterale samarbeidet, særleg gjennom EUs rammeprogram og det felles europeiske forskingsområdet ERA, som utgjer hovudtyngda i det internasjonale samarbeidet. Budsjettet til EUs 7. rammeprogram (RP7) vil auke monaleg i siste halvdel av rammeprogrammet, og det er av stor verdi at norske miljø mobiliserer mot dei gjenståande utlysingane.

Det norske forskningssystemet må utviklast mot auka samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

Eit effektivt forskningssystem er ein helt sentral føresetnad for kvaliteten på norsk forskning og vår internasjonale konkurransedugleik. Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskningssystemet ("SAK") er derfor svært viktig.

Forskingsrådet ønskjer å vere ein sentral medspelar på dette feltet. Verkemidla må vere gjennomtenkte i høve til korleis dei medverkar til strukturering av forskningssystemet, både når det gjeld samarbeid og høve til konsentrasjon og sterkare forskingsleiing. Senterverkemidla har hatt mykje å seie, og Rådets strategi peiker på at slike verkemiddel også kan brukast for å skape meir effektive samarbeidsnettverk i det norske systemet. FME-sentra er klare døme på dette. Forskingsrådet vil aktivt følgje opp gjennom verkemiddel som understøttar sjølvstendet og evna til god ressursutnytting i institusjonane.

6 Forskingsrådets interne verksemd

Organisatoriske forhold

Noregs forskingsråd er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Det er lokalisert i Oslo, men har også eige kontor i Brussel og regionalt tilsette som er lokalisert i andre fylke.

Forskingsrådet tildelte 7 mrd kroner, hovudsakleg til forskingsmiljø og bedrifter. Dette var ein auke på 490 mill kr samanlikna med 2009. Administrasjonsrekneskapen var i 2010 på 403 mill kroner. I tillegg blir nokre program belasta administrasjonskostnader til særskilde tiltak.

Forskingsrådet disponerer eigedommar og organiserer dette som ei eiga resultateining gjennom eit eigedomsfond. Fondet var ved utgangen av 2010 på 29,8 mill kroner. Inntektene for 2010 var på 7,3 mill kroner og bestod hovudsakleg av festeavgifter. Kostnadene var på 3,6 mill kroner.

Forskingsrådets administrasjon utgjer 401,3 årsverk (414 personar) ved utgangen av 2010. Seniorrådgivarane utgjer den største stillingsgruppa med 116 årsverk. Forskingsrådet er oppteke av arbeidsmiljøspørsmål og driv førebyggjande HMS-arbeid m.a. gjennom regelmessig kartlegging av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet, medarbeidarundersøkingar annakvart år, oppfølging av sjukemelde samt samarbeid med bedriftshelsetenesta. Sjukefråværet i Forskingsrådet er på 3,8 prosent, omtrent som føregående år.

Kvinner utgjer 63 prosent av Forskingsrådets tilsette. Kvinnedelen blant leiarar og rådgivarar er på høvesvis 60 prosent og 56 prosent. I konsulentgruppa er kvinnedelen 90 prosent. Det er 17 tilsette med innvandrarakgrunn. Gjennom tilsettingsrutinane har Forskingsrådet forplikta seg til å innkalle kvalifiserte innvandrarak til intervju. Det fysiske arbeidsmiljøet er tilrettelagt for funksjonshemma. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet i særleg grad.

Omorganisering

I løpet av hausten 2010 vidareutvikla Forskingsrådet sin organisasjon slik at det frå 2011 er fire fagdivisjonar. Omorganiseringa frå tre til fire divisjonar inneber m.a. at divisjonane kan utvikle kjernekompetanse på meir avgrensa område, og ha ei meir aktiv strategisk rolle som pådrivar og aktør når det gjeld globale og samfunnsmessige utfordringar der forskning vil spele ei viktig rolle. For dei to nye divisjonane vil dette gjelde høvesvis på energi-, miljø- og klimasida, og overfor velferds-, arbeidslivs-, utdannings- og helse/medisinsk forskning. Vitskapsdivisjonen blir vidareført, men har no fått eit heilskapleg ansvar for arbeidet med utviklinga av eit velfungerande forskningssystem, både når det gjeld universitets-, høgskole- og instituttsektoren. Innovasjonsdivisjonen, som også blir vidareført, har fått tilført ansvar for næringsretta teknologiområde, og porteføljen gir derved eit betre grunnlag for å innrette tiltak mot heile breidda av næringslivet. Dermed blir Forskingsrådet tydelegare organisert opp mot to hovuddimensjonar i forskingsprioriteringane både nasjonalt og internasjonalt, på den eine sida miljø- og klimautfordringane, på den andre sida velferdsstaten sine utfordringar.

Forskingsrådet arbeider kontinuerleg med forbetringar i den administrative verksemda. Sakene som har hatt stor merksemd i 2010 er m.a.:

- utvikling av kunnskapsgrunnlaget for FoU-strategisk analyse og rådgiving
- systematisk analyse av Forskingsrådets FoU-portefølje for å sikre godt grunnlag for eiga politikk- og verkemiddelutforming
- effektiv bruk av administrative ressursar og utvikling av system for timeføring som blei innført 1.1.2011
- avklaring av konsekvensar av offentlegheitslova og opplæring i denne
- vidareutvikling av IT-verktøy som understøttar arbeidskrevjande saksbehandlingsprosessar tilknytte FoU-verksemda og med IT-system som er i samsvar med statlege standardar og arkitekturretningslinjer
- oppfølging av Forskingsrådets kompetansestrategi
- oppfølging av brukarundersøkingar og utvikling av meir brukarvennlege løysingar på www.forskingsradet.no
- gjennomført beredskapsøving og oppdatert Forskingsrådets beredskapsplan, m.a. etter tilbakemelding frå KDs tilsynsbesøk i 2009
- val av nytt dokumenthandteringssystem

Nytt åremål for administrerande direktør

Arvid Hallén aksepterte tilbodet om åremålskontrakt for ein ny periode på seks år frå 1. desember 2010.

Oslo, 31. desember 2010

28. april 2011

I styret for Norges forskningsråd

Ingvild Myhre
(leder)

Jarle Aarbakke
(nestleder)

Tor Saglie

Kari Melby

Sverre Gotaas

Agnes Landstad

Jarle Møen

Vibeke Hammer
Madsen

Øyvind Fylling-
Jensen

Nina Hedlund
(ansattes repr.)

Arvid Hallén
(adm.dir.)

NOREGS FORSKINGSRÅD**RESULTATREKNESKAP 1.1. - 31.12**

(1.000 kr.)

	Note	<u>2010</u>	<u>2009</u>
INNETEKTER			
Tilskot frå departement	2	7 047 740	6 545 181
Andre offentlege og private tilskot		172 410	178 976
Sals- og oppdragsinntekter		10 236	18 559
Sum inntekter		<u>7 230 386</u>	<u>6 742 716</u>
DRIFTSKOSTNADER			
Forskningsprogram	3	3 254 604	3 370 995
Frittstående prosjekt	3	860 676	744 791
Infrastrukturtiltak	3	1 790 576	1 661 121
Nettverkstiltak	3	462 337	449 972
Diverse FoU-kostnader	3	129 340	120 151
Forvaltning	3	133 170	88 001
Lønnskostnader	3,4	301 424	319 265
Ordinære avskrivningar	3,5	30 929	28 441
Andre driftskostnader	3	-36 166	-28 475
Sum driftskostnader		<u>6 926 890</u>	<u>6 754 262</u>
FINANSPOSTAR			
Finansinntekter		4 761	5 148
Finanskostnader		-65	-191
Andre finanspostar		18	-9
Sum finanspostar		<u>4 714</u>	<u>4 948</u>
RESULTAT INKL. ADMINISTRATIVE- OG FORSKINGSFORPLIKTINGAR			
		<u>308 210</u>	<u>-6 598</u>
Administrativ avsetning	12	-8 285	-2 227
Forskningsforpliktingar	11	<u>288 352</u>	<u>-205</u>
RESULTAT ETTER ADMINISTRATIVE- OG FORSKINGSFORPLIKTINGAR			
		<u>28 143</u>	<u>-4 166</u>
Disponeringar av resultat frå året			
Endring pensjonsforpliktingar	14	28 614	-9 800
Eigedomsfond	10	3 742	6 047
Investeringsfond	13	-4 213	-413
Sum disponeringar		<u>28 143</u>	<u>-4 166</u>

NOREGS FORSKINGSRÅD**BALANSE 31.12.10 (1.000 kr)****EIGNELUTAR****Anleggsmidler****Varige driftsmidler**

	Note	<u>31.12.2010</u>	<u>31.12.2009</u>
Tomter	5	9 555	9 555
Maskinar, inventar og liknande	5	65 242	68 125
Sum varige driftsmidler		<u>74 797</u>	<u>77 680</u>

Finansielle anleggsmidler

Langsiktige krav	7	604	781
Sum finansielle anleggsmidler		<u>604</u>	<u>781</u>
Sum anleggsmidler		<u>75 401</u>	<u>78 461</u>

Omløpsmidlar

Krav på departement			
Kortsiktige krav		39 529	115 971
Kasse, bank, postgiro	6	<u>2 571 321</u>	<u>2 165 709</u>
Sum omløpsmidlar		<u>2 610 850</u>	<u>2 281 680</u>

SUM EIGNELUTAR**2 686 251 2 360 141**

VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD

		<u>31.12.2010</u>	<u>31.12.2009</u>
Verksemdskapital			
Eigedomsfond	10	29 879	26 137
Investeringsfond	13	54 420	58 635
Sum verksemdskapital		<u>84 299</u>	<u>84 772</u>
Endring pensjonsforpliktingar	14	<u>-65 590</u>	<u>-94 204</u>
Avsetning for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	14	70 801	99 796
Administrativ avsetning	12	23 658	31 943
Forskingsforpliktingar	11	1 262 376	972 686
Sum avsetning for forpliktingar		<u>1 356 835</u>	<u>1 104 425</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 147 735	1 129 014
Skyldig avgifter og skattetrekk		27 871	23 687
Skyldig lønn og feriepengar		28 900	30 244
Anna kortsiktig gjeld	15	106 201	82 203
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 310 707</u>	<u>1 265 148</u>
SUM VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD		<u>2 686 251</u>	<u>2 360 141</u>

Oslo, 31. desember 2010

28. april 2011

I styret for Noregs forskingsråd

Ingvild Myhre
(leiar)Jarle Aarbakke
(nestleiar)

Kari Melby

Vibeke Hammer Madsen

Tor Saglie

Sverre Gotaas

Agnes Landstad

Jarle Møen

Øyvind Fylling-Jensen

Nina Hedlund

Arvid Hallén
(adm.dir)

Kontantstrømoppstilling etter den direkte modellen

	2010	2009
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter		
Innbetalinger		
innbetalinger av tilskot (nettobudsjetterte)	7 203 974	6 584 225
innbetalinger av skatter, avgifter og gebyr til statskassa		
innbetalinger fra statskassa til tilskot til andre		
innbetalinger fra sal av varer og tenester		
innbetalinger av avgifter, gebyr og lisensar (Semestraravgift)		
innbetalinger av tilskot og overføringer fra andre statsetatar	172 410	176 303
innbetalinger av utbytte		
innbetalinger av renter		
innbetaling av refusjonar		
andre innbetalinger	10 236	20 343
Sum innbetalinger	7 386 620	6 780 871
Utbetalinger		
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	230 232	216 674
utbetalinger for varer og tenester for vidareasal og eige forbruk		
utbetalinger av renter	0	0
utbetalinger av skatter og offentlege avgifter	0	0
andre utbetalinger	6 750 777	6 536 851
Sum utbetalinger	6 981 009	6 753 525
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter *	405 611	27 346
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter		
innbetalinger ved sal av varige driftsmidler		
utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	0	10 000
innbetalinger ved sal av aksjar og lutar i andre føretak	0	0
utbetalinger ved kjøp av aksjar og lutar i andre føretak	0	0
utbetalinger ved kjøp av andre investeringsobjekt	0	0
innbetalinger ved sal av andre investeringsobjekt	0	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	0	10 000
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter (nettobudsjetterte)		
innbetalinger av verksemdskapital	0	0
tilbakebetalingar av verksemdskapital	0	0
utbetalinger av utbytte til statskassa	0	0
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	0	0
Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar	0	0
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	405 611	37 346
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved starten av perioden	2 165 709	2 128 363
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	2 571 320	2 165 709

* Avstemming	2010	2009
resultat for perioden	28 142	-4 166
bokført verdi selde anleggsmidler		8 160
ordinære avskrivningar	30 929	28 441
nedskrivning av anleggsmidler		
netto avrekningar		
endring ikkje inntektsført tilskot		
inntekt frå tilskot (bruttobudsjetterte)		
arbeidsgivaravgift/gruppeliv ført på kap 5700/5309		
avsetning utsette inntekter (tilgang anleggsmidler)		
resultatlut i dotterselskap		
resultatlut i tilknytt selskap		
endring i forpliktingar knytte til anleggsmidler	-28 046	-46 860
endring i varelager		
endring i kundekrav	118 358	49 708
endring i leverandørgjeld	285 048	-10 238
effekt av valutakursendringar		
inntekter til pensjonar (kalkulatoriske)		
pensjonskostnad utan kontanteffekt	-28 997	11 078
postar klassifiserte som investerings- eller finansieringsaktiviteter	177	1 223
endring i andre tidsavgrensingspostar		
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	405 611	37 346

Notar til resultatrekneskapen og balansen (konsolidert)

(alle tal i 1.000 kr)

Note 1. Generelt

Noregs forskingsråd er etablert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og underlagd dei krava ein stiller til statleg økonomiforvaltning. Forskingsrådet rapporterer ikkje til statsrekneskapen på kapittel og post.

Forskingsrådets rekneskap er tilpassa til rekneskapslova og Noregs forskingsråd blir revidert av Riksrevisjonen.

Forskingsrådets randsoneverksemd

Forskingsrådets randsoneverksemd, Kilden, Teknologirådet og Dei nasjonale Forskingsetiske komitear, er konsoliderte inn i hovudrekneskapen. Randsonene fører særskilde rekneskap etter same rekneskapsprinsipp som for Forskingsrådet.

Prinsipp for inntektsføring

Offentlege og private tilskot blir inntektsførte i tilskotsåret. Mottekne midlar og tilskot som ikkje er tildelte eller utbetalte til tilskotsmottakar, er overførde som forskingsforpliktingar.

Prinsipp for kostnadsføring

Kostnadsføringa på prosjekt og program er utbetalte automatisk i høve til framdrifta og forbruket i prosjektet. Tilskot som er haldne igjen i påvente av godkjenning av sluttrapport for forskingsprosjekta er periodiserte i rekneskapen. Forskingsrådets administrative kostnader blir rekneskapsførte i den perioden dei kjem på.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar som er eigde av Forskingsrådet skal aktiverast og avskrivast dersom dei har levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr. 50.000. Vedlikehald av driftsmidlar blir kostnadsførte jamleg under driftskostnader, mens påkostingar blir lagde til kostprisen for driftsmidla og avskrivne i takt med desse.

Pensjoner og pensjonsforpliktingar

Pensjonsordningane er rekneskapsførte som ytingsplanar. For desse ordningane reknar ein pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar etter lineær opptening basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar samt aktuarmessige føresetnader om døyingstal og avgang. Pensjonsmidla er vurderte til verkeleg verdi og frådregne i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanane, blir fordelte over venta gjenverande oppteningstid. Endringar i forpliktingane og pensjonsmidla som kjem av endringar i avvik og utrekningsføresetnadene (estimatendringar), blir fordelte over venta gjennomsnittleg gjenverande oppteningstid dersom avvika ved starten av året overstig 10 % av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar.

Endringa i forpliktinga i året blir resultatførte slik som standarden tilseier. Resultateffekten blir likevel ikkje disponert mot verksemdskapitalen, men ført som endring i pensjonsforpliktingar på ei eiga linje mellom eigenkapital og avsetning for forplikting i balansen.

Klassifisering av balansepostar

Krav og gjeld som knyter seg til den normale drifta blir klassifisert som omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Andre krav og gjeld med forfall ut over eitt år er klassifiserte som anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Kontantstraumoppstilling

Som ein del av rekneskapen er det utarbeidd ei kontantstraumoppstilling som viser korleis Forskningsrådet har motteke og brukt sine midlar.

Note 2. Tilskot frå departement

Tilskot frå departement fordeler seg slik i 2010:

Departement	2010	2009
Nærings- og handelsdepartementet	1 326 496	1 320 800
Kunnskapsdepartementet	2 873 663	2 736 872
Olje- og energidepartementet	791 400	569 750
Fiskeri- og kystdepartementet	342 100	328 400
Landbruks- og matdepartementet	442 092	400 680
Miljøverndepartementet	314 345	281 977
Fornyings,- adm,- og kirke departementet	14 829	10 000
Arbeidsdepartementet	115 575	116 979
Utenriksdepartementet	230 315	219 410
Helse- og omsorgsdepartementet	252 284	227 218
Barne-, likestillings- og inkluderingsdep.	27 400	21 400
Samferdselsdepartementet	189 200	166 800
Finansdepartementet	16 916	17 800
Kulturdepartementet	5 425	8 095
Justis- og politidepartementet	13 700	9 200
Kommunal- og regionaldepartementet	92 000	109 800
Totalt	7 047 740	6 545 181

Note 3. Driftskostnader

Divisjon	Forskingsprogram	Frittstående prosjekt	Infrastrukturtiltak	Diverse FoU	Nettverks-tiltak	Forvaltn.	Felleskostnader	Totalt
Store satingar	1 943 843	5 368	310 659	22 996	79 233	6	86 927	2 449 032
Vitskap	395 671	717 962	641 219	50 671	64 843		86 471	1 956 837
Innovasjon	898 784	127 737	838 698	10 115	296 030	92 192	93 853	2 357 409
Adm. direktør	1 306	9 609		18 506	20 842		28 970	79 233
Administrasjon				27 052	1 389	40 972	-34	69 379
Endrng estimerte kost.	15 000							15 000
Sum driftskostnader	3 254 604	860 676	1 790 576	129 340	462 337	133 170	296 187	6 926 890

Eit *Forskingsprogram* er ein målretta og tidsavgrensaforskingsinnsats for å framskaffe ny kunnskap på eit avgrensa felt, og omfattar store program, brukarstyrte program, grunnforskningsprogram og handlingsretta program.

Frittstående prosjekt er tilskot til forskingsprosjekt som ikkje er tilknytte program eller infrastrukturtiltak, og omfattar stipend, prosjekt- og miljøstøtte, frittstående EU-prosjekt og andre frittstående prosjekt.

Infrastrukturtiltak omfattar grunntilskot til institutt, strategiske universitets- og instituttprogram, utstyr og instrument og andre infrastrukturtiltak, samt senter for framifrå forskning.

Diverse FoU-kostnader består av kontingentar til nasjonale og internasjonale organisasjonar, informasjons-, formidlings- og publiseringstiltak, planlegging, utgreiing og evaluering samt stimuleringstiltak og nettverksbygging.

Felleskostnader omfattar kostnader knytte til Forskningsrådets administrasjon, faglege sekretariat o.l.

Nettverkstiltak er strategiske tiltak for å kople aktørar i innovasjonssystemet og støtte til nasjonale samarbeidstiltak og møteplassar, samt internasjonale kontingentar og støtte til nettverksbygging m.a innanfor EUs forskingssamarbeid.

Forvaltning dekkjer særskilde forvaltningsoppdrag finansiert av departementa for å administrere tilskotsordningar eller gjere spesielle oppgåver som kjem i tillegg til Forskningsrådets ordinære verksemd.

Estimerte kostnader er eit estimat for påkomne kostnader for prosjekt som er registrerte for automatiske utbetalingar, der utbetaling ikkje er gjort per 31.12. Grunnen til at det ikkje er gjort utbetaling er at sluttrapport ikkje er godkjend. Ein set av ein sum for påkomne kostnader, fordi kostnaden er påkommen i rekneskapsåret, men manglar godkjenning for utbetaling.

Note 4. Lønnskostnader

Godtgjering til Hovudstyret utgjorde for 2010 kr 1 057 000,-

Samla godtgjeringar til administrerande direktør er utbetalt med kr 1 885 395,- (lønn, diett og trekkpliktige naturalytingar). Administrerande direktør er medlem i den kollektive pensjonsordninga i Statens pensjonskasse. Utover dette er det inngått ein eigen avtale om tilleggspensjon på 66 % av lønn som overstig 12G og der samla oppteningstid er to åremålsperiodar. Liknande avtalar er også inngått for divisjonsdirektørane.

Tidlegare administrerande direktør vil framleis ha 75 % av lønn som adm.direktør og pensjonsordning mvf. 1.3.2010, men med frådrag for det han tener innanfor eit normal-arbeidsår i andre arbeidsforhold.

Forskningsrådets administrasjon utgjorde per 31.12.2010 401,3 årsverk. I tillegg kjem 22,1 årsverk innleigde personar.

Totalt lønnskostnader for Noregs forskningsråd i 2010:

Tekst	2010	2009
Lønnskostnader	239 021	251 664
Arbeidsgiveravgift	42 070	39 039
Pensjonskostnader	23 112	31 562
Andre kostnader	-198	337
Programa sin del av lønn, Randsoner	-2 581	-3 337
Sum lønnskostnader	301 424	319 265

Note 5. Varige driftsmidler

Tekst	Anlegg	Tomter	Totalt
Akk. Anskaffelseskost 01.01.10	192 552	9 555	202 107
Tilgang	27 353		27 353
Avgang			
Akk. Anskaffelseskost 31.12.10	219 905	9 555	229 460
Akk avskrivning 01.01.10	123 734		123 734
Årets avskrivning	30 929		30 929
Akk avskrivning pr 31.12.10	154 663		154 663
Bokført verdi 31.12.10	65 242	9 555	74 797
Avskrivningstid	3-5 år	Ingen	

Tomter som Forskningsrådet har kjøpt er ført i balansen til kostpris. I tillegg har Forskningsrådet heimel (Innst. nr 199, 21.juni 1952) til store areal i Gaustadområdet som blei overdregne vederlagsfritt frå staten.

Noregs forskingsråd leiger kontorlokala i Stensberggata 26, samt nokre omkringliggjande lokale. Årlege forpliktingar i samband med desse kontraktane er ca 23,0 mill. Dei fleste av desse kontraktane går ut i 2013.

Note 6. Bankinnskot

Forskningsrådet er underlagt Statens konsernkontoordning, og det inneber at FoU-midler står på konto i Noregs Bank. I tillegg har Forskningsrådet somme bankkonti i DnBNOR som er unnatekne Statens konsernkontoordning.

Note 7. Langsiktige krav

Lån til tilsette består av lønnslån til dei tilsette i Noregs forskningsråd i høve til gjeldande avtalar for dette, samt krav på dei tilsette gjennom heime-PC avtalen.

Debitor	2010	2009
Tilsette	489	691
Fordring randsoner	115	90
Sum fordringar	604	781

Note 8. Krav på departement

Forskningsrådet har pr 31.12.2010 ingen krav på departement.

Note 9. Leverandørgjeld

Den detaljerte rekneskapsføringa av aktiviteten som Noregs forskningsråd finansierer, går føre seg hos tilskotsmottakarar. Tilskotmottakarar er hovudsakleg universitets- og høgskolar, forskingsinstitutt og næringslivet. Utbetalinga er automatisert og tilpassa framdrifta i prosjekta. Brukarstyrte prosjekt blir utbetalte automatisk i 1. og 2. tertial, men rapporterer etterskotsvis for 3.tertial. Kostnader i høve til mottekne rapportar frå desse prosjekta, er belasta FoU-rekneskapan og ført som leverandørgjeld i balansen, der utbetaling ikkje har skjedd per 31.12.10.

Note 10. Egedomsfondet

Alle Forskningsrådets inntekter og kostnader når det gjeld egedomsforvaltninga er ført i resultatrekneskapan. Resultatet for 2010 er disponert mot egedomsfondet.

Egedomsforvaltninga relaterer seg til inntekter og kostnader knytte til tomter eigde av Noregs forskningsråd, men som er festa av andre institusjonar. Midla knytte til Egedomsfondet er unnateke frå Statens konsernkontoordning. Egedomsfondet blir i tillegg til resultatet frå ordinær drift, også tilført kapitalinntekter.

Årsresultatet i egedomsrekneskapan er 3,7 mill. kr. Dette overskotet blir totalt disponert mot Egedomsfondet.

Forskningsrådets Hovudstyre har i 2010 gitt tilskot på 6 mill. kr. som aksjekapital til bygging av nytt CIENS-bygg frå Egedomsfondet. Denne summen vil ikkje bli utbetalt før 2011. 6 mill. kr. av Egedomsfondets beholdning per 31.12.10 er derfor bundne opp av dette tilskotet.

Egedomsfondet er bygd opp av resultat frå tidlegare år på egedomsrekneskapan. Egedomsfondet har i 2010 utvikla seg slik:

Eiendomsfondet	2010
IB Eiendomsfond	26 137
Resultat 2010	3 742
UB Eiendomsfond	29 879

Note 11. Forskingsforpliktingar

Samanhengen mellom forskingsforpliktingar frå 2009 er som følgjer:

Divisjon	2010	2009
Store satsingar	807 157	550 967
Vitskap	430 922	327 178
Innovasjon	214 943	221 958
Administrasjon	32 188	79 690
Administrerande direktør, inkl sentralt disp. fond	34 501	37 006
Særskilde forvaltningsoppdrag; udisponerte inntekter		-6 065
Randsoner	-5 335	-1 050
Estimerte kostnader, se note 18	-74 000	-59 000
Endring tilsegnsmakt	36 500	73 000
Brutto forskingsforpliktelse	1 476 876	1 223 684
- herav tilsegnsmakter	214 500	251 000
Balansførte forskingsforpliktingar	1 262 376	972 684

Overførte forpliktingar frå 2009	1 223 684
Endring 2010 inkl. Randsoner	289 692
Endring tilsegnsmakt	-36 500
Tilbakebetalte midlar 2010	
Brutto forskingsforpliktingar til 2010	1 476 876

Note 12. Administrativ avsetning

Den administrative avsetninga har bygd seg opp med underforbruk på tilskot frå tidlegare år på administrasjonsrekneskapen. I 2010 har den administrative avsetninga utvikla seg slik:

Administrativforpliktelse	2010
IB 01.01.2010	31 943
Forbruk tilsegn	-7 748
Resultat 2010	-536
UB pr 31.12.2010	23 659

Det er tidlegare år gjort vedtak om bruk av den administrative avsetninga til investeringsformål innanfor IKT, bygg, organisasjonsutvikling samt nokre mindre prosjekt av kortare lengd. Det er forbruk på desse vedtaka som ligg i forbruk tilskot.

Note 13. Investeringsfondet

Investeringsfondet blir årleg tilført renter da Investeringsfondet er unnateke frå Statens konsernkontoordning. I tillegg blir det redusert med forbruket på tilskot gjorde frå Investeringsfondet. Investeringsfondet har i 2010 utvikla seg slik:

Investeringsfondet	2010
Inngående balanse pr 01.01.10	58 635
Resultat 2010	2 560
Forbruk avsetningar	(6 775)
Utgående balanse pr 31.12.10	54 420

Note 14. Pensjonsmidlar/-forpliktingar

Noregs forskingsråd har to kollektive pensjonsordningar, ein i Statens Pensjonskasse, og ein i Vital. I tillegg er det inngått pensjonsavtalar utover ordinær ordning som blir tekne over drifta. Desse pensjonsordningane er forsikringsteknisk oppbygde, og blir rekneskapsførte i høve til Norsk Rekneskapsstandard om pensjonskostnader som ein ytingsplan. Premiefastsetjing og utrekning av verdien av pensjonsforpliktingane skjer etter aktuarielle prinsipp. Det blir simulert ei forvaltning av fondsmidlar. Avvik i den faktiske utviklinga frå dei utrekningsmessige føresetnadene vil kunne gi både ei over- og underfinansiering av ordningane.

Ordninga i Vital gjeld for 7 tilsette, mens ordninga i Staten Pensjonskasse gjeld for 444 tilsette per 31.12.10. Pensjonsavtalen over drift utover ordinær ordning gjeld for 7 personar.

Tidlegare har den resultatmessige effekten av endringane i pensjonsforpliktingane blitt disponerte mot den administrative avsetninga. Denne avsetninga er bygd opp av underforbruk på tilskot frå tidlegare år på administrasjonsrekneskapen. Tilskota skjer etter eitt-årsprinsippet, mens pensjonsforpliktingane er eit uttrykk for ei langsiktig forplikting for Forskningsrådet. Forskningsrådet vil som ein følgje av dette disponere den resultatmessige effekten av endringa i pensjonsforpliktingane på ei eiga linje i balansen.

Føresetnader lagde til grunn ved utrekningane

Ved utrekning av netto pensjonskostnad for året og netto pensjonsmidlar (forplikting) er følgjande føresetnader lagde til grunn:

Forutsetninger	Vital	SPK	Drift
Årlig diskonteringsrente	3,80 %	3,80 %	3,80 %
Lønnsregulering	4,00 %	4,00 %	4,00 %
Pensjonsregulering	3,75 %	3,75 %	3,75 %
Frivillig avgang			
~ Opptil 45 år	2,00 %	2,00 %	0,00 %
~ Over 45 år	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Forventa avkastning	4,60 %	4,60 %	4,60 %
Årleg G-regulering	3,75 %	3,75 %	3,75 %
Inflasjonsrate	2,50 %	2,50 %	2,50 %
Uttak AFP	25,00 %	5,00 %	0,00 %

Utrekning inkluderer faktisk avkastning på pensjonsmidla i Vital for 2010. For SPK, som ikkje er ei fondsbasert ordning, er avkastning på eit simulert fond utrekna.

Utrekning av Vital-ordninga

Samanstilling av årets pensjonskostnad	2010	2009
Noverdi av årets pensjonsopptjening	815	776
Rentekostnader på pensjonsforpliktinga	982	919
Årets brutto pensjonskostnad	1 797	1 695
Forventa avkastning på pensjonsmidla	-628	-668
Netto pensjonskostnad før amortisering	1 169	1 027
Amortisering av estimatavvik	460	92
Periodisert arbeidsgiveravgift	165	145
Årets pensjonskostnad før arbeidsgiveravgift	1 794	1 264

Avstemming av pensjonsforpliktingar

Pensjonsordning med netto forpliktelse/ midler	2010 Forpliktelse	2009 Forpliktelse
Pensjonsforpliktingar brutto	17 151	18 565
Pensjonsmidler brutto	-11 385	-13 239
Netto pensjonsforpliktingar	5 766	5 326
Ikke resultatført estimatavvik	-2 490	-2 341
Arbeidsgiveravgift av netto pensjonsforpliktelse	813	751
Netto pensjonsforpliktingar/midlar i balansen	4 089	3 736

Utrekning av SPK-ordninga

Sammenstilling av årets pensjonskostnad	2010	2009
Nåverdi av årets pensjonsopptjening	28 903	28 620
Rentekostnader på pensjonsforpliktelsen	26 054	24 258
Årets brutto pensjonskostnad	54 957	52 878
Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-22 649	-20 851
Netto pensjonskostnad før amortisering	32 308	32 027
Resultat ført estimatendringer og avvik	10	5 298
Årets pensjonskostnad dør arbeidsgiveravgift	32 318	37 325

Avstemming av pensjonsforpliktingar

Pensjonsordning med netto forpliktelse/ midler	2010	2009
Pensjonsforpliktingar brutto	667 777	503 882
Pensjonsmidlar brutto	-438 450	-410 789
Netto pensjonsforpliktingar	229 327	93 093
Ikke resultatført estimatavvik	-224 597	-33 012
Arbeidsgivaravgift av netto pensjonsforplikting	32 335	8 472
Netto pensjonsforpliktingar/-midlar i balansen	37 065	68 553

Pensjonar over drift

	2010	2009
Minsteforplikting	21 067	21 185
Fremtidig lønnsvekst		
Pensjonsforplikting	21 067	21 185
Ikke resultatført esimatavvik	8 580	6 322
Netto pensjonsforplikting	29 647	27 507

Note 15. Annan kortsiktig gjeld

I denne posten inngår eit kostnadsestimat på kroner 74 000 000,- Dette er kostnader for forskingsprosjekt som er påkomne i 2010, der utbetaling ikkje blir gjort før 2011. For rekneskapsåret 2009 var denne avsetninga på 59 000 000,- Avsetninga har dermed stige med 15 000 000,- (sjå note 3).



De kan tinge publikasjonen på
www.forskningsradet.no/publikasjoner

Norges forskingsråd

Stensberggata 26
Postboks 2700 St. Hanshaugen
NO-0131 Oslo

Telefon: +47 22 03 70 00
Telefaks: +47 22 03 70 01
post@forskningsradet.no
www.forskningsradet.no

Mai 2011
ISBN 978-82-12-02912-5
Foto: PhotoDisc